

## Sak: Valg til styret 2016

**Til: FIAN Norges årsmøte 10. mai 2016**

**Frå: Valkomiteen ved Trond Sæbø Skarpeteig, Sandra Petersen og Hans Morten Haugen**

Valkomiteen i FIAN legg med dette fram si innstilling til årsmøtet 2016. Vedtektene seier at årsmøtet skal velgja styreleiar. Ut over dette konstituerer styret seg sjølv. Styreleiar er formell arbeidsgjevar for tilsette. Styret skal ha mellom 5 og 9 medlemmer, i tillegg til 1-2 varamedlemmer. Styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer skal veljast for ein periode på to år.

Valgkomiteen har hatt samtalar med styremedlemmer, dagleg leiar og ca. 35 aktuelle kandidatar, og har vurdert mange kandidatar til alle verv som skal fyllast. Det er lagt ned ekstraordinært stor innsats frå valkomiteen si side på grunn av den store utskiftinga i styret. Vi har lagt vekt på å sikra kontinuitet, samtidig som vi har forsøkt å rekruttere kandidatar med organisasjonserfaring og ikkje minst brennande engasjement for retten til mat. Valkomiteen har i samtale med kandidatane lagt vekt på kva FIAN forventar av styremedlemmer.

Valkomiteen vil retta ein stor takk til styremedlemmene som no går ut av styret: **Berit Lidt Scharff**, **Mia Vanessa Henriksen**, **Ida Eline Engh** og **Ola T. Westengen** (vara). Følgjande kandidatar har trekt seg frå styret eitt år før tida: **Arvid Solheim**, leiar (trekkjer seg pga. flytting), **Elisabeth Ng Langdal** (trekkjer seg på grunn av stor arbeidsbelastning), **Ida Tidemann-Andersen** (trekkjer seg pga. flytting) og **Andrew Kroghlund** (trekkjer seg på grunn av stor arbeidsbelastning).

I 2015 blei **Ann Louise Lie** valt inn og er difor ikkje på val før i 2017.

**Forslag til vedtak:** Følgjande personar er valt inn som styremedlemmer og nummererte varamedlemmer til styret i FIAN Noreg for perioden 2016-18:

Styreleiar **Aina Grødahl** for 1 år - opp frå varaplass

Styremedlem **Elisabeth Irene Karlsen** for 2 år

Styremedlem **Gaute Gulliksen** for 2 år

Styremedlem **Frida Pareus** for 2 år

Styremedlem **Marte Haga Stabbetorp** for 2 år

Styremedlem **Sabrina Ionata De Oliveira Granheim** for 2 år

Styremedlem **Hanna Schanke** for 2 år

Styremedlem **Jon Magnar Haugen** for 2 år

1. vara **Kristine H. Vinje** for 2 år

2. vara **Anette Steinbakk** for 2 år

Sjå vedlagte grunngjeving for dei nye kandidatane.

Roma, 3. mai 2016

Trond Sæbø Skarpeteig, Sandra Petersen og Hans Morten Haugen

Grunngjeving frå valkomiteen for kandidatane

**Aina Grødahl:** Aina er faglig sterk, og har gode landkunnskaper. Hun er engasjert og kunnskaprik om korleis vi kan jobbe mot diskriminering, og ho følgjer opp. Aina er god til å tenkja strategi, og brukar tida sin veldig godt. Ho er ein stor ressurs for styret i FIAN.

**Elisabeth Irene Karlsen:** Elisabeth er ansatt ved VID vitenskapelige høyskole, og har solid fagkompetanse om retten til mat. Ho kjenner FIAN, og brenn for FIANS arbeid. Ho vil bla. vera ein

viktig ressurs når det gjeld FIANs strategiske mål om fokus på retten til mat i Noreg.

**Gaute Gulliksen:** Gaute har mange års relevant, internasjonal erfaring frå utviklingsarbeid som leiar/teamleiar innan administrasjon, personal, finans, organisasjonsutvikling og kapasitetsbygging, samt erfaring med fundraising og donorrapportering. Han er strateg og problemløysar.

**Frida Pareus:** Frida har tverrfagleg kunnskap om diskriminering og internasjonale menneskerettar frå SMR. Ho vil bidra solid i faglege drøftingar om menneskerettsbrot, sammenhengen mellom ulike menneskerettar, og utfordringar for rettighetspespektivet i komplekse politisk situasjonar.

**Marte Haga Stabbetorp:** Marte har ei spanande utdanning fra NHH blanda med utviklingsfag frå fleire kontinent. Ho kjem frå ein landbrukspolitisk engasjert familie og har jobba med mattryggleik i Roma. Ho likar å organisere, og har sterk gjennomføringsevne når det kjem til arrangement og prosessar.

**Sabrina Ionata De Oliveira Granheim:** Sabrina er sterk fagleg når det gjeld retten til mat, og har spanande internasjonal erfaring. Ho kjenner FIAN på på internasjonalt nivå, og brenn for retten til mat. Ho kan bidra til fagleg styrking av organisasjonen og arbeidet vårt.

**Hanna Schanke:** Hanna har erfaring med mattryggleik frå Utanriksdepartementet og Lilongwe - både på strategisk nivå (policy) og som sakshandsamar, og ho har bakgrunn frå norske organisasjonar. Av personlege årsaker kjem ho til å pendla mellom Grenoble og Oslo frå sommeren 2016 til sommeren 2017.

**Jon Magnar Haugen:** Jon Magnar arbeider med landbrukspolitikk og ressurs spørsmål, inkl. tilgang til ressursar. Han har kjennskap til norsk og internasjonal landbruks- og matpolitikk, og vil bidra til å styrka FIAN sitt arbeid for mattryggleik. Han er skrivefør og deltek i offentlege ordskifte.

**Kristine H. Vinje:** Kristine har (snart) mastergrad i samfunnsernæring om promotering av amming og markedsføring av morsmelkserstatning i Sørøst-Asia - i eit menneskerettspespektiv. Kristine kjenner FIAN, og har vore aktiv sidan 2015. Ho er skrivefør, og brenn for retten til mat.

**Anette Steinbakk:** Anette har master frå NMBU om Oil for Development i Sør-Sudan, og engasjement for menneskerettar og fattigdomsbekjempelse. Ho vil også kunne bidra innan område som medlemsoppfølging, prosjektoppfølging og kommunikasjon.